



Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Kyrkjevegen 6
6856 SOGNDAL
Tlf: 57679985
Faks:

Sogndal 06.10.2014

Referat frå møte i Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Motedato: 30.09.2014
Møtetid: kl. 13:00
Møtestad: Stedjetunet (Stova)

Tilstades:

Egon Askvik, Magny Ugulsvik Bukholm, Marit Lunde Mundal, Anders Bjork, Edith Flatland, Steinar Velle, Birgit Ingeborg Kverme Johnsen, Jorunn Merete Haukås-Eide.

Meldt forfall:

Kjell Sæter, Laura Kvamme, Ole Simen Nesdal.

Referat

Sak 032/14 Rekneskapsrapport september 2014

Vedtak:

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd godkjenner den framlagde rekneskapsrapporten pr. 19.09.2014

Sak 033/14 Revisjonsmelding og korrigerings av årsrekneskapsrapport for 2013

Vedtak:

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapsrapporten for 2013 med eit netto driftsresultat på kr. -695.893,- og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr.151.039,-. Meirforbruket blir dekkja inn ved bruk av fondsmidlar.

Sak 034/14 Budsjett 2015 - innspel til kommunane

Vedtak:

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd godkjenner budsjettinnspela frå fellesrådet til kommunane, datert 09.09.14 og 05.09.14.

Sak 035/14 Lønsforhandlingar 2014

Vedtak:

Fellesrådet vel leiar, dei to kommunale rådsmedlemene og kyrkjeverje som forhandlingsutval for dei lokale forhandlingane hausten 2014. Det same forhandlingsutvalet får også som oppgåve å gjennomføre lønssamtalar med dei av dei fellesrådstilsette som ber om det. Forhandlingsutvalet får fullmakter til å gjennomføre forhandlingane innanfor den utrekna potten avsett til dei lokale lønsforhandlingane i 2014.

Eit forhandlingsutval bestående av leiar og dei to kommunale representantane får også fullmakt til å vurdere leiarlønningane for kyrkjeverje og assisterande kyrkjeverje samt gjennomføre lønsforhandlingar for dei. Forhandlingsutvalet får her fullmakt til å gjennomføre forhandlingane ut

frå ei vurdering av den lokale økonomien, lønnsauke gitt til dei øvrige fellesrådstilsette, og ei vurdering av lønnsnivået for tilsvarande stillingar.
Dei lokale lønsforhandlingane skal vere gjennomført innan 15.11.2014.

Sak 036/14 Høyringsvar frå fellesrådet- Undervisningstenesta i Dnk

Vedtak:

Fellesrådet støttar høyringsuttalen utarbeida av den nedsette gruppa, og vedtek den som sin uttale til høyringa om undervisningstenesta i Dnk.

Sak 037/14 NOU 2014:2 Lik og likskap

Vedtak:

Fellesrådet støttar høyringsuttalen utarbeida av den nedsette gruppa, og vedtek denne som sin uttale til høyringa NOU 2014:2, Lik og likskap.

Sak 038/14 Høyring - Staten og Dnk - eit tydeleg skilje

Vedtak:

Fellesrådet vel ei eiga gruppe som får fullmakt til å utarbeide eit framlegg til høyringsvar på høyringa Staten og Dnk – eit tydeleg skilje. Desse vart valt som medlemar i gruppa: Marit Mundal, Jorunn Merete Haukås-Eide, Kjetil Netland og Laura Kvamme.

Sak 039/14 Skriv og meldingar 30.09.2014

Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til vitande.

Det var eit ynskje om at fellesrådet inviterer sokneråda til eit årleg felles møte/samrådsmøte, der sokneråda kan melde inn saker til møtet i forkant.


Sak 040/14 Val av tilbydar

Vedtak:

Kyrkjeverje og assisterande kyrkjeverje får fullmakt saman med arealplanleggjar og teknisk sjef i Sogndal kommune til å velje tilbydar til å utarbeide gravplassplan for Kaupanger Gravlund.

Neste møte i fellesrådet vert tysdag 28. oktober i Norum. Motet startar med synfaring i Norum kyrkje.

For Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd


Jorunn Merete Haukås-Eide
kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger